

Saksnr. 2016/2418

Ressursnr. 400009

Husmannstovetreff m/ konsert, Kvemmadokkje Husmannsplass

laurdag 16. juli 2016

Takk for løyving på kr. 15.000 til tiltaket.

Konserten og husmannstovetreffet vart gjennomført etter planen laurdag 16. juli 2016. Utandørs og i surt vestlandsver med regn. Men det var god stemning i tunet. Sigrid Moldestad, Åsmund Nordstoga og gruppa Sver held varmen i publikum.



På førehand spela Rannveig Djønn og Annlaug Børsheim, mest på heimebane. Likeins dansarane Eli Børsheim Kvåle og Torkjell Lunde Børsheim.

Det var ingen spesielle avvik frå planar og budsjett, og god tilstrøyming av folk trass det dårlege veret. Dugnadsfolket gjorde sterk innsats både før, under og etter tilskipinga. Familie og vener stilte opp.

Då me fekk positivt tilsagn frå Fylkeskommunen var plakatane alt trykte opp. Men støttespelarane vart nemnt frå scena, og infoplakat der Hordaland Fylkeskommune var med vart hengt opp på arenaen.



Helsing

Toril Lunde Børsheim og Johan Børsheim

